



Ål kommune

## Saksframlegg

Arkivreferanse: 2024/2460-1

Saksbehandler: Karin Heiene

### Saksgang

Saksnummer	Utval	Møtedato
	Sektorutval for kultur og oppvekst	

## Skattebøl skule i Ål i framtida

### Rådmannens innstilling

Vurdering vedr. formell nedlegging av Skattebøl skule blir sendt på høyring. Saksframlegget 2024/2460 med vedlegg blir sendt til alle FAU og SU ved skular og barnehagar i kommunen, dessutan tillitsvalde og offentleg høyring.

### Saka vert avgjort av:

Sektorutval for kultur og oppvekst

### Vedlegg:

- Saknr. 40/18 Barnehage- og skulestruktur i Ål i framtida med vedlegg Høyringsdokument april 2018 og vedlegg Oppsummering høyring juni 2018
  - o Saknr. 21/18, saknr. 41/18, saknr. 40/18
- Saknr. 18/18 Utgreiing barnehage- og skulestruktur
  - o Saknr. 18/18 vedlegg Omstillingsprogram 2017
  - o Saknr. 4/14, Saknr. 18/18

### Saksopplysningar:

Elevane ved Skattebøl skule er for skuleåret 2024/25 overflytta til Nedre-Ål skule, og personell flytta til Nedre-Ål skule, evt. andre avdelingar etter eige ynskje.

SUKO har bede om ei utgreiing ift. høyring på evt. formell nedlegging av Skattebøl skule.

Utgreiinga bør vurdere:

- Fødselstal, forventa barnetal, elevtalsutvikling
- Rekruttering og kompetanseutvikling i eit framtidsperspektiv
- Uteområde

Denne saka må bli sett i samanheng med sak om barnehage som blir lagt fram i SUKO 22.10.2024 og ei eventuell omdisponering av Skattebøl skule til barnehage.

### **Fødselstal, forventa barnetal, elevtalsutvikling**

I høyringsdokument 2018 Barnehage- og skulestruktur i Ål i framtida side 12 (jf. vedlegg i sak 40/18 Barnehage- og skulestruktur i Ål i framtida), viser ein til folketalsutviklinga i kommunen for aldersgruppa 0-19 år, og den har vore forholdsvis stabil sidan 1985 på omlag 54 fødselar, 290 barn i barnehagealder, 450 i barneskulealder og 210 i ungdomsskolen.

Fødselstala og totalt barn i Ål frå og med 2017 til september 2024 varierer frå om lag 55 barn til 29 barn, i snitt på desse 8 åra er det omlag 36 barn pr. årskull. Frå 2019 til 2023 har barnetalet halde seg på omlag 40 barn, og for 2024 er det så langt ein veit omlag 29 barn.

Ser ein i tillegg på folketalsutviklinga i barneskulealder har barnetalet gått gradvis nedover frå å vere omlag 450 barn (jf. vedlegg i sak 40/18 Barnehage- og skulestruktur i Ål i framtida, i Høyringsdokument 2018 s. 12) til å ligge på omlag 340 barn dei siste fire åra. Tal på barn i ungdomsskolen har gått frå omlag 210 barn til omlag 190 i same periode (Tala er henta frå GSI rapportering).

I Ål er det 1 barn som er 1. klassing skuleåret 2024-2025 frå Skattebøl skulekrets. Dette barnet søkte om skulebytte til Nedre-Ål skule. Skuleåret 2025-2026 er det 6 barn som er 1.klassingar og soknar til Skattebøl skulekrets, og for 2026-2027 er det 7 barn.

Skattebøl skule hadde skuleåret 2023-2024 totalt 33 elevar, i følgje GSI-rapporteringa 1.okt 2023. Skuleåret 2024-2025 ville det vore 21 elevar fordelt på 2.trinn(7 stk.), 3.trinn (8 stk.) og 4.trinn (6 stk.). For skuleåret 2025-2026 vil det totalt vere 21 elevar som soknar til Skattebøl skulekrets, og 20 barn i 2026-2027. Dette er ei nedgang på 30 elevar frå skuleåret 2017-2018 (51 elevar) til skuleåret 2024-2025 (21 elevar).

Kva kan me forvente av fødselstal framover i Ål kommune? Statistisk sentralbyrå (SSB) har framskrive forventa barnetalsutvikling etter låg, middels og høg vekst for Ål kommune. SSB nyttar ofte middels vekst som den mest sannsynlege verdien, men ser me på tala for 2024 ser desse ut til å vere optimistiske ut frå at me pr. september 2024 har 29 barn som me veit blir født dette året (0 år i tabellen). Ut frå dette kan det mest truleg vere realistisk å gå ut frå framskrivinga for låg vekst.

Tabell SSB pr. 07.10.2024

	<b>2024</b>	<b>Middels vekst</b>		<b>Låg vekst</b>		<b>Høg vekst</b>	
	<b>2024</b>	<b>2030</b>	<b>2040</b>	<b>2030</b>	<b>2040</b>	<b>2030</b>	<b>2040</b>
<b>0 år</b>	44	50	44	37	30	62	55
<b>1 år</b>	46	52	46	39	31	62	57
<b>2 år</b>	47	53	48	41	33	62	58
<b>3 år</b>	43	53	49	43	33	61	60
<b>4 år</b>	50	53	50	46	35	59	62
<b>5 år</b>	28	53	51	47	36	57	64
<b>Totalt barnehagebarn</b>	258	314	288	253	198	363	356
<b>6 år</b>	55	57	53	53	37	60	65
<b>7 år</b>	40	57	53	55	39	61	67
<b>8 år</b>	51	59	55	55	40	61	71
<b>9 år</b>	52	54	55	52	41	58	71
<b>10 år</b>	52	60	57	57	43	64	69
<b>11 år</b>	53	42	57	38	43	46	69
<b>12 år</b>	66	64	57	61	45	68	69
<b>Totalt barneskulebarn</b>	369	393	387	371	288	418	481
<b>Totalt barn 0-12 år</b>	<b>627</b>	<b>707</b>	<b>675</b>	<b>624</b>	<b>486</b>	<b>781</b>	<b>837</b>

### **Rekruttering og kompetanseutvikling i eit framtidsperspektiv**

Oppvekstsektoren i Ål kommune har som elles i landet hatt utfordringar med å rekruttere kvalifisert personell til barnehagar og skular dei siste par åra. Søkartalet til utdanningsinstitusjonane går ned, og på landsbasis blir det utdanna for få pedagogar til å dekke behovet ute i kommunane.

Oppvekstsektoren i Ål har hatt størst utfordring med å få dekkja behovet for pedagogar i skule og få tak i folk med spesialkompetanse. Oppvekstsektoren har mellom anna prøvd ut tiltak kor søker som er ønska til fleire skular har fått lov å velje om ein vil jobbe på ei stor skule eller ei fådelt skule (grendeskule). Valet har utan unntak hamna på stor skule, og dette grunngir dei med ønske om eit større kolleganettverk og profesjonsfelleskap.

Rekruttere og behalde tilsette i sektoren er ei satsing som sektoren ønsker å prioritere og kjem også fram i Rapport 2030.

### **Uteområdet**

I høyringsdokumentet 2018 (jf. vedlegg i sak 40/18 Barnehage- og skulestruktur i Ål i framtida) er det på side 22-24 gjort utgreiing om mellom anna utearealet ved mellom anna Skattebøl skule og Nedre-Ål skule. Utearealet på Skattebøl skule er på 12 450 m<sup>2</sup> og Nedre-Ål skule er på totalt 21 510 m<sup>2</sup> inkludert skuleparken. Uteområdet på Skattebøl har leikeapparat, stor plen- og asfaltplass kor ein kan utfolde seg. Uteområdet på Nedre-Ål skule blir i desse dagar oppgradert med leikeapparat og leike-/aktivitetssonar, i tillegg til at skulen også nyttar skuleparken med sine fasilitetar i friminutt og i fag.

### **Økonomiske konsekvensar:**

I dette saksframlegget er det ikkje gjort ytterlegare kostnadsberekning enn det som blei gjort i høyringsdokumentet 2018 (jf. vedlegg i sak 40/18 Barnehage- og skulestruktur i Ål i framtida) s. 31 og s. 43-45. Prinsippa som blei lagt til grunn er om lag dei same i dag som den gong, men at det kan vere mindre justeringar i form av talgrunnlaget. Ein kan likevel nemne at ved å flytte elevane frå Skattebøl skule til Nedre-Ål skule sparar ein kostnadane til ei 80 % rektorstilling, og vaksenressursen som er knytt til Skattebøl skule kan nyttast på fleire elever pr. tilsett. Vidare vil ein få fordelar ved å samle SFO frå Skattebøl skule og Nedre-Ål skule til Nedre-Ål skule, ved at ein kan få til ei meir attraktiv stillingsprosent som SFO-leiar då ein mest truleg vil ha ansvar for fleire tilsette og barn. Viktig å sjå dette også i samanheng med det nasjonale tilbodet om 12-timers gratis SFO for elevane i 1.-3.trinn som vil og har ført til at fleire barn går på SFO, og kravet til kvalitet i SFO gjennom Rammeplan for SFO. Det vil også vere lettare å kombinere ei SFO-stilling som har ei tidlegvakt før skulestart og ei seinvakt etter skuleslutt, med ei stilling som assistent/fagarbeidar i skulen i skuletida når elevgrunnlaget er større.

### **Vurdering:**

I høyringsdokumentet 2018 (jf. vedlegg i sak 40/18 Barnehage- og skulestruktur i Ål i framtida) er det gjort vurdering av skulestruktur ut frå fire perspektiv; økonomiske-, pedagogiske-, organisatoriske- og det samfunnmessige perspektivet. I høyringsdokumentet 2018 er skulestrukturalternativ 2 «Legge ned Skattebøl skule og flytte elevane til Nedre-Ål skule» greidd ut. Ei eventuell nedlegging av Skattebøl skule sett i høve drift og organisering blir utgreidd på s. 43-45. Vidare blir dei pedagogiske og samfunnmessige konsekvensar greidd ut på s. 50 – 51. Dei fleste vurderingane som blei gjort då er framleis gjeldene, truleg vil det vere nokre mindre justeringar i høve talgrunnlag.

I tillegg blir det her trekt fram nokre perspektiv ved å legge ned Skattebøl skule og flytte elevane til Nedre-ål skule:

- Elevane slepp ei ekstra overgangen frå 4.-5.trinn slik det er i dag, med flyttinga frå Skattebøl skule til Nedre-Ål skule i 5.trinn. I dag nyttar ein ekstra ressursar/kapasitet for å reetablere elevgruppene og skape eit trygt og godt elevmiljø i ei sårbar tid for elevane.
- Elevane får eit større elevmiljø og fleire individ å spele på, kor det kan vere eit større utval for å skape venskap. Blir det for få elevar, ser ein at føresette med barn gjerne søker seg til større elevmiljø.
- Større og breiare arbeidsmiljø for tilsette i form av profesjonsfellesskap og kolleganettverk. Skulen kan vere mindre sårbar ved sjukdom blant tilsette og dei sårbare barna kan bli ivaretatt av ei gruppe tilsette, i staden for å bli for personavhengig. Dei tilsette kan få eit profesjonsfellesskap også på trinn, ikkje berre på skulenivå.
- Skulen kan også nytte dei faglege- og personlege ressursane til tilsette på ein betre måte når ein har større handlingsrom t.d. i form av auka elevmasse og tal tilsette og sjå dette opp mot systemisk- og pedagogisk arbeid til beste for elevane. Det gir også rom for rektor til å drive leiing på ei anna måte når ein har fleire tilsette. Ein kan nyttegjere seg meir av to-lærarsystemet til dømes inn mot trinn.
- Lettare å rekruttere nyutdanna og nyttilsette til eit større profesjonsfagleg miljø og tiltrekke seg spesialkompetanse. Oppvekstsektoren har gitt nokre nyttilsette val om kvar dei helst ønsker å jobbe, og då har dei trekt fram ønske om større einingar for å få større kolleganettverk og profesjonsfellesskap.
- Elevane går ofte på dei same aktivitetane om kveldane, og har ofte ein del med kvarandre å gjere på fritida. Det å gå på same skule vil truleg ikkje bli opplevd som ei stor barriere.
- For skuleåret 2024-2025 er elevane ved Skattebøl skule mellombels lagt til Nedre-Ål skule. Skattebøl skule og Nedre-Ål skule har samarbeida godt om å gjere overgangen god for elevar og føresette.

Ål, 10.10.2024

Sissel Skrindo  
Kommunalsjef oppvekst

Karin Heiene  
Rådgjevar oppvekst